



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Jurist/rådgjevar - 100% fast stilling

Stillingsinformasjon

Ved tenesteområdet Plan, utbygging og kommunalteknikk er det ledig ei fast stilling som Jurist / Rådgjevar byggesak. Stillingsa inngår i eit team med to andre medarbeidrarar ved fagområdet Byggesak.

Arbeidsplass

Tenesteområdet omfattar om lag 44 tilsette, der 18 medarbeidrarar har oppgåver knytt til saksbehandling, utbygging og forvaltning innan kommunen sine tekniske tenester: utbygging og forvaltning av kommunale bygningar og kommunaltekniske anlegg, offentlege og private planar, byggesaker, kart og GIS-tenester, oppmåling, miljø, landbruk og kommunal eigedom. Avdelinga praktiserer eit omfattande tverrfagleg samarbeid, og er aktiv i interkommunale faglege nettverk.

Det er gjort vedtak om kommunesamanslåing mellom Meland, Radøy og Lindås til Alver kommune frå 2020, noko som vil forsterke eit allereie robust fagmiljø i regionen.

Arbeidsoppgåver

Oppgåvene omfattar saksbehandling og oppfølging / utgreiing av tiltakssaker etter plan- og bygningslova, medrekna dispensasjons- og klagebehandling, forhold til reguleringsplan, tilsyn / oppfølging av ulovlege tiltak og andre oppgåver etter plan- og bygningslova.

Administrasjonsspråket er nynorsk.

Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har juridisk embeteksamen, evt. master i rettsvitenskap, eller arkitekt-/ ingeniørfagleg bakgrunn. Anna utdanning i kombinasjon med relevant erfaring kan vurderast.

Vi vil legge vekt på at dei som blir tilsett

- Har relevant erfaring innan saksfeltet
- Har solid kjennskap til regelverket som gjeld for byggesaksbehandling og relaterte felt
- Har positiv tilnærming til oppgåvene
- Tek ansvar og kan arbeide sjølvstendig
- Likar å samarbeide
- Arbeider effektivt
- Likar publikumskontakt
- Legg vekt på god service
- Har god munnleg og skriftleg framstillingsevne
- Handterer elektronisk saksbehandlingsverktøy
- Er lojal

Vi tilbyr

Interessante oppgåver

Fleksibel arbeidstid

Godt og tverrfagleg arbeidsmiljø

Kurs og kompetanseutvikling

Løn etter avtale

God pensjonsordning

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 16.09.2018

Utlýst dato 29.08.2018

Várref

66/18

Kontaktperson

Anny Bastesen, Sektorsjef teknisk, mobil: 40038893, anny.bastesen@meland.kommune.no

Marianne Aadland Sandvik, Fagansvarleg byggesak, tlf: 56171190, marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no